



Frivilligkveld 2024



Samandrag

Frivilligkveld
24. Januar 2024
Bryggja Grendahus



Innhald

1. Bakgrunn for arrangementet.....	3
2. Frivilligkveld 2024.....	3
3. Oppsummering av gruppearbeid	4
3.2 Gruppe 1 – Tema Fleire aktive heimebuande eldre	5
3.3 Gruppe 2 – Tema Aktivitet for eldre på institusjon/heimebuande eldre.....	6
3.4 Gruppe 3 – Tema Fleire aktive busette flyktingar	7
3.5 Gruppe 4 – Tema Fleire aktive born og unge	7
3.6 Gruppe 5 – Tema Rekruttere fleire medlemmer/deltakarar	8
3.7 Gruppe 6 – Tema Frivillige i beredskapsoppgåver.....	9
3.8 Gruppe 7 – Tema: Samarbeid med kommunen	10
3.9 Gruppe 8 – Tema: Samarbeid mellom frivillige organisasjonar	11
3.10 Gruppe 9 – Tema: Tilskot til aktivitet og drift	12
3.11 Gruppe 10 – Tema: Tilskot til større prosjekt	13
3.12 Gruppe 11 – Tema: Lokale til aktivitet og drift	13
4. Vidare arbeid med innhaldet	14
5. Lenker til nyttige nettsider	15
Vedlegg 1 Deltakarliste	16
Vedlegg 2 Mal for samarbeidsavtale	20

1. Bakgrunn for arrangementet

I Stad kommune si Frivilligpolitiske plattform (2022 – 2024) er eit av tiltaka at Stad kommune skal arrangere minst eit årleg kontaktmøte mellom frivillige lag, administrativ og politisk leiing.

Det har dei siste åra vore gjennomført Frivilligkveld tidleg på året. I tillegg vert det arrangert Innbyggjartreff på hausten, der frivilligheita og kommunen møter innbyggjarane. Frivilligsentralane er koordinator for planlegging av desse arrangementa.

Målet med frivilligkvelden er at kommune og frivillige møtest og vert kjende med kvarandre. Gjennomføringa er eit breitt samarbeid mellom kulturavdelinga og andre avdelingar i administrasjonen. Mange kommunale avdelingar i kommunen bidreg med ulike oppgåver; rigging, rydding, kjøkkentereneste, prosessleiing på gruppearbeid m.m.

Det er alltid kjekt å nyttig å bli kjende med ulike deler av både frivilligheita og kommuneorganisasjonen. God til å snakke saman er difor heilt avgjerande.

2. Frivilligkveld 2024

Alle lag og organisasjonar i Stad kommune vart invitert. Det vart sendt ut e-post til dei laga og gruppene ein har kontaktinformasjon til, annonsert på sosiale media og på eigne nettsider.

Det har også vore omtalt i lokale aviser. Internt i kommunen har ein samarbeidd for å nå ut med invitasjon og informasjon i alle avdelingar. Politiske utval har fått eigne invitasjon.

I år deltok totalt 92 personar. 75 av desse var frå frivillige organisasjonar innan beredskap, tru og livssyn, grendahus og grendalag, utviklingslag, idrettslag, skyttarlag, eigenorganiserte frivillige, jakt, fiske og klima/miljø, interesseorganisasjonar, kulturorganisasjonar, politikk og fagforbund.

Deltakarliste er vedlagt på slutten av dette samandraget.



Frå Stad kommune - administrasjon stilte 15 kommunetilsette: kommunedirektør, kulturavdelinga

(frivilligsentral, bibliotek og kultursjef) Strategi og samordning, Opplæring og Integrering, Helse og omsorg (heimetenesta og institusjon).

Frå politisk leiing var ordførar, varaordførar og leiar i samfunnsutvalet tilstade saman med fleire av dei folkevalde. Fleire av dei folkevalde representerte også frivillige organisasjonar på frivilligkvelden.

Frå Vestland fylkeskommune deltok Åge Avedal som observatør i samband med at han skriv masteroppgåve om frivilligpolitikk og innovasjon.

Litt om programmet:



Marie Kristine Kroken frå Bryggja Grendahus og Cecilie Sollibakke Hessevik frå Bryggja IL ønskte alle velkommen og fortalte litt om sine organisasjonar og aktivitet. Konferansier for kvelden var kultursjef Geir Holmen.

Første del av programmet var presentasjon av den heilt ferske rapporten frå kartlegginga av frivilligheita i Stad. Lagt fram av Brita Brekke frå Frivilligheit Norge.

Rapporten kan ein finne i si heilheit på Stad foreningsportal.

Direktelenke finn du på side 15.

Det var lagt opp til ein god pause med nydeleg mat frå Bakerie A/S, tid til sosialisering og prat i Infotorget.



Etter pausen i andre delen i programmet var det lagt opp til gruppearbeid med tema frå rapporten i kartlegginga.

3. Oppsummering av gruppearbeid

3.1. Innleiing

Å få snakke saman og dele erfaringar rundt ei felles utfordring er noko av det viktigaste på ein slik kveld. Alle deltarane på frivilligkvelden deltok i ei gruppe som skulle køyre ein forenkla versjon av metoden «Kreativ problemløsing» på 2 spørsmål. Kvart bord hadde ein kommunalt tilsett bordleiar som skulle syte føre at metoden vart følgt innan den tida som var gitt.

Alle bord hadde ulike tema, og deltarane frå frivilligheita og folkevalde hadde på førehand meldt seg på dei 2 tema dei var mest interesserte i å ha dialog om. Dei kommunetilsette bordleiarane var plassert litt etter kva avdeling og arbeidsfelt dei har. Dei kommunetilsette som ikkje var prosessleiarar fekk velje tema dei var særskild interesserte i. Her er ei oppsummering av innspela.

3.2 Gruppe 1 – Tema Fleire aktive heimebuande eldre

Spørsmål 1: 1.Kva kan frivillige gjere for og i lag med gruppa heimebuande eldre?	
Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:	
1. Følgesvenn til sosiale aktivitetar som f.eks. strikkekveldar, songkveldar, kino, konserter. Eller følgje til praktiske gjeremål som å handle kle 2. Praktisk hjelpe- f.eks. hente posten, snømåking, grasklipping 3. Kløvertur, fysisk aktivitet, gåturar, sykkeltur. I tillegg til dei 3 beste framlegga var gruppa innom idear som nabotreff og songkveldar	
Spørsmål 2: Kom med forslag til korleis kommunen best mogeleg kan legge til rette for frivillige som vil gjere noko for og i lag med heimebuande eldre?	
Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing: 1. Meir blest og medieomtale, promotere allereie det som finst for å inspirere andre til å melde seg som frivillige. Informasjon ut til innbyggjarane våre og ut til dei som trenge frivillige. Informasjonsbrosyre, med samla informasjon som kan delast ut til heimebuande eldre. 2. Ha ein fast kontaktperson for frivillige som kan rettleie og informere. Og ha oversikt over ledige lokale. En sentral person i kommunen som du kan vende deg til. Oversikt over frivillige som finst og kontaktinformasjon. 3. Økonomisk støtte, hjelp til å planlegge og organisere ulike tiltak I tillegg til dei 3 beste framlegga var snakka gruppa om at kommunen kan komme på eldretreff og drøfte/informere om aktuelle tema for eldre, at ein kan kontakte frivilligcentralen, desentralisere byråkratiet, prioritere tid til godt samarbeid, dialog og oppfølging, lage eit oversyn over behov som er kommunisert (personvernvenleg) og skape møteplassar der personar med behov kan kome i kontakt med frivillige ressursar.	

3.3 Gruppe 2 – Tema Aktivitet for eldre på institusjon/heimebuande eldre

<p>Spørsmål: Kva kan frivillige gjere for og i lag med gruppa a) eldre på institusjon og b)heimebuande eldre?</p>	
<p>Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing: Gruppa sine 3 beste framlegg: 1. Be eldre med på dugnad 2. Songgrupper 3. felles aktivitet som turgrupper, sitteddans, bingo, besøksvenn</p>	
<p>I tillegg til dei 3 beste framlegga var gruppa innom idear som Lesegrupper, songgrupper, dans, gå på tur.</p>	
<p>Spørsmål 2: Kom med forslag til korleis kommunen best mogeleg kan legge til rette for frivillige som vil gjere noko for og i lag med a) eldre på institusjon? b)heimebuande eldre ?</p>	
<p>Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing: 1. Opplæring fleire instruktørar sterkt og stødig. 2. Transport til og fra aktivitetar. 3. Organisere samarbeid mellom lag, organisasjonar og grupper/institusjon til å utføre f.eks. vedlikehald av sansehage, opplæring el-sykkel, dagsenter</p>	
<p>I tillegg til dei 3 beste framlegga var gruppa innom idear som lokale skule kan ha musikktime på eldretun/institusjon, skulen kan stelle sansehagen, samarbeid med barnehagen, sponse dagsenterplass, samarbeid med skuleelevar, lage faste avtalar/tidspunkt, ha møteplassar.</p>	

3.4 Gruppe 3 – Tema Fleire aktive busette flyktingar

Spørsmål: 1. Kva kan frivillige gjere for og i lag med flyktingar busette i Stad kommune?



Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:

1. Frivilligkontakter
2. Avklare behov og forventningar
3. Samarbeid (mellom organisasjoner og mot næringsliv, kommune, flyktingar)

I tillegg til dei 3 beste framlegga var gruppa innom idear som å arrangere møteplass, marknadsføre seg, spreie informasjon, arrangere møteplass, møte flyktingar, gå på husbesøk, ressursgruppe, sponsorar - ting kostar, bedriftsbesøk, skaffe arbeid, strikke til borna, tilby utstyr, aktivitetar, kjøpe aktivitetsutstyr.

Spørsmål 2:

Kom med forslag til korleis kommunen best mogeleg kan legge til rette for frivillige som vil gjere noko for og i lag med flyktingar busette i Stad kommune?

Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:

1. Tilby mentor/grunderhjelp
2. Arrangere fellesmøte, avklare forventningar og behov
3. Brei integreringsplan

I tillegg til dei 3 beste framlegga var gruppa innom idear som tilby praktisk hjelptil flyktingar, koordinere aktivitetar/organisasjonar, arrangere internasjonale treff, vere imøtekommende, gjenbruk av utstyr, rekruttere frivillige, samarbeide med frivillige, vere open for bidrag frå frivillige, syte for transport, tidsperspektiv, tilby lokale, sterke kopling mot NAV og førstelinjetenesta, sterke kopling mot næringsliv, kommunen må invitere.

3.5 Gruppe 4 – Tema Fleire aktive born og unge

Spørsmål 1:

1. Kva kan frivillige gjere for å få alle born og unge med i aktivitet i Stad kommune?



Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:

1. Gratis

- | |
|---|
| <p>2. Inn i skulen (Samarbeid med skulen)</p> <p>3. Mangfold i tilbod</p> |
|---|

I tillegg til dei 3 beste framlegga var gruppa innom idear som betre kollektivtransport, kartlegge interesser, lav terskel aktivitet, kvalitet og godt omdøme, invitere personleg, dra i lag, ansvarsgjere føresette, varierte aktivitetar, trygge rammer, Bookings system for lokale, tilpasse, forutsigbarheit, mange eldsjeler, felles marknadsføringskurs, redusere kostnader, få ut info, bruke Instagram, heildagsskule, organisere dugnad.

Spørsmål 2:

Kom med forslag til korleis kommunen best mogeleg kan legge til rette for å få alle born og unge med i aktivitet Stad kommune?

Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:

1. Gratis bruk av kommunale/private anlegg
2. Legge til rette for større samspel mellom frivillige og skule i utvida skuletida
3. Økonomisk støtte/hjelp og info om midlar

I tillegg til dei 3 beste framlegga var gruppa innom idear som redusere halleige, satse på idrettsanlegg, bookingsystem, leggje til rette for utøvande kunst, valfag i skulen (som vises variert tilbod), bruk av kommunen sine informasjonskanalar, samarbeid, transport, redusert byråkrati, inn i skulen kultur/kunst frå lag og org., sterke fokus på frivillige i planprosessar.

3.6 Gruppe 5 – Tema Rekruttere fleire medlemmer/deltakarar

Spørsmål 1:

Kva kan frivillige organisasjonar gjere for å rekruttere fleire medlemmer/deltakarar til sin aktivitet/organisasjon?



Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:

1. God informasjon, sosiale media, mange veit ikkje om kva som skjer. Invitere, vere synlege
2. Samarbeide meir med andre org. Lage felles arrangement, skape aktivitet, også ilag med kommunen. Vinn vinn – er du med på noko, får du mykje igjen.
3. Spørje direkte. Opa oppfordring om å bli med funkar ikkje så godt.

I tillegg til dei 3 beste framlegga var gruppa innom idear som familien, deltararar: trim/felles aktivitet, sende ut flygeblad i postkassene, felles sosiale arrangement - minst 1 gong pr halvår, aktivitet, vaksenopplæring av nye korpsmusikantar, framsnakke, vise/spreie glede over å kunne delta, høge medl.kontingentar, fleire er medlemmar i fleire org. – rabattar, invitere til opne møte, felles turar/korte/lange, fellesøving skulekorps ilag, fleire fellesarrangement blant korps, både skule- og vaksenkorps, korpsøving for aspirantar i skuletida, ha kontaktperson som dei som har spørsmål kan vende seg til, samankomst der behov og info har blitt gitt, media/aviser.

Spørsmål 2:

Kom med forslag til korleis kommunen best mogeleg kan legge til rette for at frivilligheita kan rekruttere fleire medlemmer/deltakarar?

Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:

1. Billege lokale, vere behjelpelege med lokale - særleg i bygdene – hjelp til å søkje økonomisk støtte slik at ein kan halde kontingeneten nede = fleire har råd å bli med.
2. Foreningsportal, frivillegportalen – vi veit ikkje nok om den – legg lenkje til denne fleire stadar, få ut informasjon
3. Kulturskule og frivillegcentral, breitt samarbeid, flyktningar - fornøgde med møte som dette.

I tillegg til dei 3 beste framlegga var gruppa innom idear/innspel som å vere tilstades, informere, samarbeide med Flyktningtenesta, oppretthalde frivilligcentralane, GOD kulturskule, opplæring av nye korpsbarn, sjå frivilligheita og verdien av arbeidet, bli sett, arrangere felles opent møte/tilstelling for organisasjonane, invitere foreiningar til felles arbeidsøkt om ulike tema innan frivilligkeit, økonomisk støtte, hjelp til å halde kostnader nede, t.d. lågare kontingentar for deltakarane, vere positive/samarbeide med respekt for kvarandre, vere behjelpelege med søknader om tilskot, halde kurs for kasserar/søknadskurs. oppretthalde frivillegpolitisk plan, bruke kommunale kanalar til informasjon, t.d. skjermer som står rundt om, eige opplegg oversikt i avis om alle aktivitetar (nokre brukar ikkje digitale media), facebookside, frivillige organisasjonar i kommunen, folk kan finne aktivitet, viktigheit aktivitet/helse, ha aksjon Påmelding av og til, marknadsføre alternativa, kommunikasjon med ulike organisasjonar (hjelpe midlar).

3.7 Gruppe 6 – Tema Frivillige i beredskapsoppgåver

Spørsmål 1:

Kva beredskapsoppgåver kan frivillige gjennomføre?

**Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:**

1. Avdekke, hindre og lindre naud
2. Omsorg, mat og husrom
3. Støtte i krise (små og store)

I tillegg til dei 3 beste framlegga var gruppa innom idear som omsorg, kjærleik, måke snø, husrom, prate, avdekke/hindre og lindre naud, evakuering, støtte i krise, bringe varer, støtte i krise, førstehjelp, mat, bringe vare, brensel, ved, forpleiling, hus, sjå til nærmaste nabo, vere behjelpeleg/stå til disposisjon, søker, hjelpe, transport, utstyr- teppe ol., alle, sambandstenester, redning, besöksteneste, mattilførsel, redning, brensel, bringe ved

Spørsmål 2:

Kom med forslag til korleis kommunen best mogeleg kan legge til rette for at frivillige kan utføre beredskapsoppgåver?

Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:

1. Handlingsplan/beredskapsavtalar

- | |
|---|
| <p>2. Eigna lokale
3. Kommunikasjon/informasjon</p> |
|---|

I tillegg til dei 3 beste framlegga var gruppa innom idear som pengar, handlingsplan, informasjon, god kommunikasjon, anerkjening, kjennskap til kvarandre, inkluderast på eit tidleg tidspunkt, deltaking, delta i planarbeidet, hus, lokalar, møtepunkt, møter, stille lokalar til leige, husrom til disposisjon/rådigheit, frikjøp, støtte økonomisk frå kommunen, felles øvingar, frivilligentralen(koordinere) forventningar til kvarandre, kontaktpunkt, kommunikasjon, disponible lokalar, tidleg varsling, delegere ansvar, beredskaps avtalar, planlegge, klare avtalar, felles beredskapsforståing, disponible lokalar, tilgang til beredskapslager, øving ilag med kommune og instansar.

3.8 Gruppe 7 – Tema: Samarbeid med kommunen

Spørsmål 1:

Korleis kan frivilligheita bidra til eit godt og lite byråkratisk samarbeid med kommunen?



Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:

1. Få eitt kontaktpunkt i kommunen -> direkte
2. Frivilligheita må vere førebudd og ha konkrete planar
3. Nyte folkevalde til å løfte saker som kan vedtakast politisk og framskunde administrative prosessar

I tillegg til dei 3 beste framlegga var det snakka om at frivillige organisasjoner må ta personleg kontakt, ha gode planar for gjennomføring og finansiering, forankre prosjekt i kommunen sine eksisterande planar, ha ei tydeleg "bestilling" når ein tek kontakt med kommunen. Viktig å ha konkrete og tydlege krav/ forventningar, stille spørsmål, vere førebudd, og at begge partar har noko å «vinne».

Spørsmål 2:

Kom med forslag til korleis kommunen best mogeleg kan legge til rette for eit godt og lite byråkratisk samarbeid med frivilligheita?

Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:

1. Tilgjengeleghet: Lett å ta kontakt, lett å få svar
2. Kommunen (politisk og administrativt) må vere interesserte i behov/ ønskjer frivilligheita har
3. Drahjelp/ samarbeid med adm/ byråkratiske prosessar, t.d. reguleringsplanar/ søknadar osv.

I tillegg var det snakka om at det er viktig at kommunen

- er imøtekommende, svare innan rimeleg tid og ikkje er for byråkratiske
- har god oversikteleg kontaktinfo, helst ein kontaktperson og med eit

- godt internt samarbeid slik at vedkomande finne rett veg/ rett person og får god hjelp.
- lyttar, har felles verkelegheitsoppfatning og tek personleg kontakt
 - er flinkare til å selje inn samarbeidsavtaler, søkje opp organisasjonane når det er aktuelt, og ha tydlege ansvarsfordeling/ oppgåvedeling.
 - politiske utval må vere interesserte og lytte til innspel/ presentasjonar frå organisasjonane

3.9 Gruppe 8 – Tema: Samarbeid mellom frivillige organisasjoner

Spørsmål 1: Korleis kan frivilligheita bidra til eit godt samarbeid seg i mellom?



Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:

1. Hjelpe til på kvarandre sine arrangement.
2. Bruk alle møteplassar som vert arrangert.
3. Inviter andre organisasjoner til sine arrangement.

I tillegg til dei 3 beste framlegga var dette snakka om:

Formalisere samarbeidsavtaler gjerne frå ulike bygder, ta i bruk ny kanal i foreningsportalen, bli kjend i heile kommunen ,utvikle og jobbe mot "vi" følelse, støtte opp og delta på ulike aktivitetar , delta på fellessamling, bli med på frivilligkveld og innbyggjartreff, ta kontakt med kvarandre, bli godt kjende med andre organisasjoner av same type, felles kurs om t.d. kasserar, aktivitetskalender så vi ikkje kolliderer med arrangement, song og musikk kan samarbeide meir!, samarbeid mellom grupper - finne felles interesser t.d. helse/miljø, sanitet/naturvern, Naturvernforbundet og grøn integrering, inviterer aktuelle samarbeidspartar/ andre lag til samarbeid om konkrete prosjekt, grøn integrering - oppdyrkning av felles område i staden for grasklipping f.eks. poteter, nærnaturkveld og andre temakveldar, bruk foreningsportalen, anerkjenn at organisasjonane er ulike, nettside, felles aksjoner, nettverkstreff av ulike lag/org , invitere med frå medlemsmøte, takke ja til Frivilligsentralen ved prosjekt - til dømes Juleprosjekt, diskusjonsforum aktuelle samfunnsspørsmål , amatørutstilling for folk som (nesten) "gått ut på dato" Gamlebanken/privat.

Spørsmål 2: Kom med forslag til korleis kommunen best mogeleg kan legge til rette for eit godt samarbeid mellom frivillige organisasjoner?

Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:

1. Arrangere møteplassar og kurs
2. Stad Foreningsportal NB! Hald kurs i foreningsportal!!
3. Stille lokale og utstyr til disposisjon i heile kommunen

I tillegg vart det snakka om at det er viktig at kommunen:

- stiller lokale med utsyr til disposisjon (Gratis)
- utvide tilbodet på BUA (musikkinstrument og verktøy til utlån)
- samle lag og organisasjoner med å arrangere og etablere fastetreff 1 – 2 ganger i året som Frivilligkveld, Innbyggjartreff og andre møteplassar som internasjonal kveld.
- meir kulturmidlar til barn og unge
- Invitere og synleggjer til samarbeidsprosjekt / moglegheiter.

- informere igjennom aviser og foreningsportal.

3.10 Gruppe 9 – Tema: Tilskot til aktivitet og drift

Spørsmål 1: Kva er gruppedeltakarane sine beste tips til å skaffe pengar til aktivitet og drift?



Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:

1. **Søknadar!** Mange stadar å søkje for å få midlar
2. **Samarbeid på tvers av lag og org** – kan løyse ut meir midlar i søknadar til f.eks. større samarbeidsprosjekt
3. **Arrangement med lotteri** – gamalt og godt råd, men som funkar

I tillegg til dei 3 beste framlegga var det snakka at ein kan samarbeide med andre i same kring, andre lag, spørje lokale bedrifter til dømes sponsing, lobbyere med lokalpolitikarar, få inntekt på medlemsinntekt, varer og tenester, arrangere basar og andre arrangement som julemessar og loppemarknad,, få meir kunnskap om å bruke tilskotsportalen, blir grasrotmottakar og oppfordre folk som tippar om å velje akkurat din org.

Spørsmål 2: Kom med forslag til korleis kommunen best mogeleg kan legge til rette for at frivillige kan skaffe pengar til aktivitet og drift?

Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:

1. **Jamlege kurs og info om tilskotsportalen** – held ikkje med ein gong i året! Oftare.
2. **Gratis lokale/ utstyr til lån** - kan spare laga for mykje pengar som ein då kan bruke på noko ann
3. **Arrangere møteplassar for ideutveksling** (til samarbeidsprosjekt) - kanskje sit fleire og har lyst å lage miniputt-turnering, men veit ikkje om kvarandre. Viss ein møtast oftare, kan alle pitche sine idear, og dele erfaringar, og kanskje får ein skaffa seg nye samarbeidspartnarar på ein kveld, eller bli inspirert av nokon andre sine idear

I tillegg vart det snakka om at det er viktig at kommunen:

- Arrangere eller informere om søknadsskrivarkurs og hjelpe til med søknadar
- Bruke / gratis tilgang også til svømmebasseng, hall, gymsalar og andre lokale
- Oversikt over moglegheiter av utlån, leige, plassar å söke støtte.
- Informasjon ut til lag og organisasjonar - Annonser godt kva ein kan søkje om i kommunen
- Fordelar spaserstokkmidlane
- Tilretteleggjar for aktivitetar, samarbeid på tvers og hjelpe lag og organisasjonar som har ein «grunderide»

3.11 Gruppe 10 – Tema: Tilskot til større prosjekt

Spørsmål 1: Kva er gruppedeltakarane sine 3 beste tips til å skaffe pengar til store prosjekt t.d. investeringsprosjekt?



Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:

1. Skrive ein god og realistisk prosjektplan inkl. detaljert budsjett
2. Finne potensielle bidragsytarar (næringsliv) med kriteria som passar ditt prosjekt
3. Eigenkapital igjennom eigeninnsats og dugnad

I tillegg til dei 3 beste framlegga vart det snakka om å spele på lag med kommunen om søknader, at søknader ofte er diskvalifisert dersom investeringane er begynt før ein søker, statlege finansieringsordningar, korleis kome i gang med tippemidlar-søknad, forskotering av spelemidlar, informasjon i tilskotsjungelen, profesjonalitet, at hos medlemmane er det tida som er mest verdifull for laget, søk pengar hos andre enn medlemmer, bu i nærleiken av ein som vinn 1,36 milliardar i Euro Jackpot, tørre å tenkje store tankar – samskaping, merkevarebygging, investorar, skattefrie gåver, samarbeidsavtaler næringsliv, kommunalt samarbeid med org., "Huset i bygda", prosjektgruppe-leder, spleis, samarbeid mellom fleire organisasjonar, kommunale garantiar for lån hos bankar med liten del av eigenfinansiering, alle kan betale ein liten pris sjølve.

Spørsmål 2: Kom med forslag til korleis kommunen best mogeleg kan legge til rette for at frivillige kan skaffe pengar til store prosjekt t.d. investeringsprosjekt?

Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:

1. Dedikerte tilsette i administrasjonen med arbeidsoppgåve å hjelpe frivillige med å skaffe midlar
2. Stad kommune stille som samarbeidspartner for prosjekt og garanti for finansiering
3. Hjelp til med søknader og koordinering

I tillegg til dei 3 beste framlegga var det snakka om at det bør gjenopprettast frådrag for gave til org/lag på 50000,- per bedrift/per privatperson, koordinator vs fylke og stat, større friheit, hjelpe laga å gjere seg attraktive for næringslivet ved å gjere laget sin aktivitet BÆREKRAFTIG, løyve til tiltak/legge til rette, kurs i søknadsskriving, innvilge delfinansiering/startkapital til prosjekt, lage master/sjekkliste for dei mest vanlege kjelder/viktige poeng som må vere med i ein søknad, legge til rette for samarbeid med organisasjonar i kommunen, avhjelpe i hht driftsavtale, informere om stader å søkje, kurs i samarbeid med tilskotsportalen.

3.12 Gruppe 11 – Tema: Lokale til aktivitet og drift

Spørsmål 1: Kva er dei mest utfordrande tinga for dei som driftar eller låner lokalar til aktivitet/drift?



Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:

1. Rekruttering
2. Husleige – både for eigar og leigar – høg foreldrebetaling kan virke ekskluderande
3. Lokalar som er tilpassa aktiviteten og brukarar

I tillegg til dei 3 beste framlegga var det snakka om:

Engasjement , nok folk, plassering, universell utforming, rekruttering av yngre til å ta på seg verv, problem med rekruttering pga. ikkje eigna lokalar, därleg standar på bygningar, kostnad til vedlikehald og oppvarming, skader og slitasje, (den som lånar må betale for eventuelle skader.) Behov for lokale som er tilpassa aktiviteten f.eks.. Skyttarlag har ikkje godkjende lokalar/ har ikkje lokalar til å leige/låne som passa til skytebaner, mange lokale kan ofte vere lite eigna til føremålet t.d. kroppsøving, behov for Kontaktperson for brann-helse , Støtte frå kommunen til større reparasjonar

Spørsmål 2: Kom med forslag til korleis kommunen best mogeleg kan legge til rette for å redusere utfordringane for dei som driftar eller låner lokalar til aktivitet/drift?**Gruppa sine 3 beste framlegg til løysing:**

1. Samskaping, god dialog mellom frivillige og kommunen, involvere org./brukarane ved nybygg
2. Gratis leige av kommunale bygg- hall – ope på kveldstid bibliotek?
3. Formidle, informere og rettleie om tilskotsordningar for vedlikehald og drift av bygga.

I tillegg vart det snakka om at det er viktig at kommunen:

- Legge til rette gjennom plan, for å forenkle byggesak.
Ved nybygg må alle organisasjonar bli spurt om kva dei treng i bygget
- 1 kontaktperson i kommunen, greitt å ha færrast mogleg å halde seg til.
- God informasjon om kvar ein kan søkje tilskotsmidlar med rettleiing.
- Lytte på behov til organisasjonar/brukarar, ikkje berre totale kostnadar
- Skape nettverk og bidra til godt samarbeid begge veger
- Andre tips Vestland Musikkråd har akustikkmålar

4. Vidare arbeid med innhaldet

Rapporten frå Frivilligkvelden 2024 vert no gjort tilgjengeleg på Stad Foreningsportal til inspirasjon for alle frivillige organisasjonar, frivillige og einskildpersonar som vurderer å starte frivillig organisasjon, dugnadsprosjekt eller liknande.

Rapporten vert også gjort tilgjengeleg for politisk nivå i neste møterunde. I tillegg vert den lagt tilgjengeleg på Teams for alle tilsette i Stad kommune.

I februar vil Stad kommune sjå på dei heilt konkrete innspela som er komne inn og prøve å omsette dei til handling i løpet av våren eller året.

Heile rapporten vil også vere ein del av grunnlaget for utarbeiding av framlegg til ny Frivilligpolitisk plattform. Ein del av framlegga frå både Frivilligkveld 2023 og Frivilligkveld 2024 vil bli innarbeidd framlegg til ny frivilligpolitisk plattform for Stad kommune.

På frivilligkvelden var det lagt ut malar for samarbeidsavtaler mellom organisasjonar evt. mellom organisasjonar og kommune (sjå vedlegg 2). Vi veit at det vart inngått minst 3 slike avtaler i løpet av kvelden. Slike avtalemalar vil vi legge ut på Stad Foreningsportal slik at den kan brukast når som helst ved behov.

5. Lenker til nyttige nettsider

I denne delen har vi samla ein god del nyttige lenkjer

Rapport frå kartlegginga av Frivilligheita i Stad kommune:

<https://stad.foreningsportal.no/nyhet?kartlegging-av-frivilligheita-i-stad-kommune&Id=41466>

Lokale kommunale tenester og planar:

På Stad kommune si nettside finn du informasjon om våre tenester til innbyggjarar.

Her finn ein oversikt over avdelingar, kontaktinformasjon, oversikt over utval, møter, kurs og arrangement. Ein finn oversikt over alle kommunale planar og høyringar.

Vi oppmodar alle om å gjere seg kjend med denne nettsida og nytte den til å halde seg orientert på lokale saker, planar. Kurs med meir. Og kom gjerne med innspel, tilbakemeldingar og spørsmål.

www.stad.kommune.no

Frivilligpolitisk plattform:

https://stad.kommune.no/_f/p1/i55dbf446-945b-440d-a8b4-a5f773dfbd31/frivilligpolitisk-plattform-2022-2024-nettversjon.pdf

Tilskot og økonomi:

Stad kommune abonnera på ei nettside der alt av tilskotsordningar er samla på ein plass.

Kommunetilsette og lag og organisasjonar som tilhører Stad kommune, kan få tilgang og på den måten lettare finne fram til søkeradsordningar som passar for prosjektet /aktivitetene ein jobbar med.

www.tilskuddsportalen.no

Stad Foreningsportal - Informasjon om frivillige organisasjonar:

Stad Foreningsportal er ei nettside der ein finn nytting informasjon og nyhende direkte retta mot frivilligheita. Det er også ei nettside der lag og organisasjonar i Stad kommune kan synleggjere sin organisasjon. Her kan organisasjonen legge ut informasjon om laget og kontaktinformasjon. I tillegg kan lag og organisasjonar legge sine aktivitetar og arrangement i ein felles kalender.

Ein aktiv og levande foreningsportal vil også vere svært nyttig for innbyggjarar som vil engasjere seg i frivilligheit eller delta på ein aktivitet eller arrangement. Alle som har registrert kontaktpersonen si e-post adresse her, vil få tilsendt informasjon frå Stad kommune om kurs, arrangement med meir. (ein kan velje å skjule adressa om det ikkje er ønskeleg den ligg offentleg).

www.stad.foreningsportal.no

Frivilligsentralar:

Stad kommune har to frivilligsentralar. Frivilligsentralar skal vere eit bindeledd mellom frivilligheita og kommunen. Frivilligsentralar skal vere eit ressurssenter for frivilligheita. Frivilligsentralane er tilgjengelege og opne for alle. Frivilligsentralane har aktivitetslokale og tilrettelagde møterom som frivillige kan nytte gratis etter avtale, både dag, kveld og helg.

Frivilligsentralane jobbar med tilrettelegging, vinn vinn samarbeid, møteplassar og med å synleggjere verdien og mangfaldet i frivilligheita. På nettsidene får du sett meir om kvar dei held til og korleis du kan nå dei. Her er det lav terskel for å komme innom, eller ta kontakt.

www.eid.frivilligsentral.no

www.selje.frivilligsentral.no

www.frivilligsentral.no

Aktivitetsutstyr:

Stad kommune har to utlånsordninga av aktivitetsutstyr.

Utlånsorndinga er for alle med låneprofil. Låneprofil lagar ein seg lett (og gratis) på nettsida.

Det er mogeleg for lag og organisasjonar å reservere utstyr til sine arrangement.

www.bua.no - Søk opp BUA Eid og BUA Selje og sjå kva utstyr dei har til gratis utlån.

Hjartestadar og opplevelingar lokalt:

Stad kommune har ei nettside der ein finn god oversikt over opplevelingar, informasjon om hjartestadar rundt om i bygdene våre, kulturminne, aktivitet og arrangement for både innbyggjarar og besøkjande. Kom gjerne med tips og oppdateringar.

www.hjartestad.no

Gode nasjonale sider for informasjon og verktøy for frivilligheita:

www.frivillighetenorge.no

www.frivillig.no

www.frivilligsentral.no

www.ungfritid.no

Sosiale media:

Lik og følg oss på Sosiale media og send gjerne bygda eller laget si Facebookside til din nærmaste frivilligsentral so vi kan følge tilbake 😊

@stadkommune @seljefrivilligsentral @eidfrivilligsentral @buaselje @buaeid @hjartestad

Vedlegg 1 Deltakarliste

Navn	Namn på lag/organisasjon
Austring, Solfrid	Selje sanitetsforeining
Avedal, Åge	Vestland fylkeskommune/Materstudent
Bakke, Rigmor	Bryggja Sanitetsforening
Berstad, Heidi	Kjølsdalen bygdekvinnelag

Bjørhovde, Stein	Stad idrettsråd
Bjørlo, Judith	NMS Nordfjordeid
Borgestrond, Reidun	NMS Nordfjordeid
Borgund, John Petter	Kjøde Grendalag
Breiteig, Jorunn	Kjølsdalen sanitetsforening
Brekke, Thomas R.	Eid Røde Kors
Bugjerde, Ole Reinhardt	Seniornett Eid
Dahl, Kristine	Stad kommune - kommunedirektør
Dalsbø, Daniel	Filadelfia stadlandet
Danielsen, Solveig	Selje sanitetsforeining
Eikås, Dianne	Eid 4H nemnd med fleire ..
Engeland, Anders	Harpefossen skisenter
Ervik, Margun	Bryggja Pensjonistlag
Gokdere, Galyna	Eid Frivilligsentral
Haugen, Henning	Klenkarberget Sommarcamp
Haugland, Anne-Joril Bratlie	Grøn Integrering
Haye, Turid	Selje sanitetsforening
Heggelund, Kjellaug	Bryggja sanitetsforening
Heggen, Martha	Eid Pensjonistlag
Heggheim, Randi	Kjølsdalen Normisjon
Helgesen, Maria	Stad kommune/Selje Frivilligsentral
Henriksen, Elisabeth	Ytre Nordfjord Brass
Navn	Namn på lag/organisasjon
Hessevik, Betty	Bryggja sanitetsforeining
Hessevik, Cecilie Solibakke	Bryggja idrettslag
Hessevik, Øystein Solibakke	Bryggja utviklingslag
Hjelle, Janne Mari	Stad kommune - bibliotek/kultur

Hjelle, Oddrun	Besøksvennane/Selje sanitetsforening
Hjelmeland, Ingrid	Stad kommune - Heimetenesta
Hole, Jostein	Ytre Nordfjord Jeger- og Fiskerforening
Holmen, Geir	Stad kommune - kultursjef
Hopland, Turid	Middagskøyring m.m Fagforbundet
Hovden, Unni	Selje Sanitetsforening
Husevåg, Randi	Bryggja Sanitetsforening
Håland, Karen-Helene	Selje Sanitetsforening
Ilje, Jørn Naustdal	Tippaåsen vel
Jacobsen, Liv Stokkenes	Nordfjordeid Sanitetsforening
Jakobsen, Ann Iren Kjølle	Stadlandet Pensjonistlag
Jakobsen, Rolf	Stadlandet Pensjonistlag
Jakobsen, Thorleif	Naturvernforbundet i Eid
Kjøde, Siri	Kjøde grendelag
Kreisel, Mirjam	Stad kommune - Strategi og samordning
Kriken, Daniel	Eid Røde Kors Hjelpekorps
Kroken, Marie Kristine	Naturvernforbundet i Eid
Kvåle, Judith	Stad kommune - varaordførar
Leftwich, Ann-Elin	Eid IL Handball
Leivdal, Margareth Olin	Stadlandet IL
Lund, Siri	Grøn integrering
Meyer, Gert	Hornelen kystlag
Midtbø, Solveig	Fjordsight Venneforening
Navn	Namn på lag/organisasjon
Midtgård, Eli	Selje sanitetsforeining
Midthjell, Berner	Vindfylla sml.
Myklebust, Magny H	Selje Pensjonistlag

Myren, Raymond	Filadelfia Stadlandet
Nedreberg, Gro Iren	Stad kommune - Opplæring og integrering
Nesheim Aardalsbakke, Maria Cecilie	4H
Nesheim Aardalsbakke, Simon Elias	4H
Nesheim, Camilla	4H
Nordnes, Siri Olaug	Heia Idrettslag/ Fellesanlegget Tua
Nygård, Ottar	Sogn og Fjordane Småfiskerlag
Opsal, Arild	Haugen IL
Pedersen, Åse	Selje Sanitetsforening
Reksnes, Sigurd	Stad kommune - ordførar
Sandal, Ståle	Eid IL
Sandnes, Paula	Selje sanitetsforeining
Seljen, Evelin	Bryggja sanitetsforening
Smørdal, Morten	Harpefossen skisenter
Solheim, Heidi Elisabeth	Stad kommune - Opplæring og integrering
Solibakke, Alfred	Bryggja sanitetsforening
Starheim, Heidi M.	Stad kommune - Institusjon
Starheim, Åge	Selje Pensjonistlag
Svoren, Gunnvor	Bryggja Sanitetsforening
Sæthre, Lillian	Bryggja Sanitetsforening
Sætren, Dag	Eid Røde Kors
Sønderland, Bodil	Naturvernforbundet i Eid
Taklo, Per Tore	Nordfjord Skyttarsamlag
Teige, Anne Lise	Stad kommune - Heimetenesta
Navn	Namn på lag/organisasjon
Torheim, Astrid Grete	Stad kommune - Eid Frivilligsentral
Torheim, Gunn Helene	Torheim Grendahus
Torheim, Øystein	Eid Røde Kors

Tryggestad, Jan Olav	Eid jeger og fiskelag - EJFL
Utvær, Hanne Marie	Stad kommune - Strategi og samordning
Vambeset, Oddfrid	Bryggja Pensjonistlag
Vederhus, Anne Karene	Stadlandet Pensjonistlag
Venøy, Kjellaug	Selje Sanitetsforening
Vonheim, Arild	Stad kommune - Strategi og samordning
Wedvik, Irene	LHL Eid
Aarsnes, Kristin Otneim	Stad kommune - Strategi og samordning
Årvik, Gjertrud	Stad kommune - Heimetenenesta

Vedlegg 2 Mal for samarbeidsavtale

AVTALE

Avtalepartner A

Avtalepartner B

<input type="checkbox"/> Bedrift	<input type="checkbox"/> Frivillig/ideell	<input type="checkbox"/> Offentleg	<input type="checkbox"/> Bedrift	<input type="checkbox"/> Frivillig/ideell	<input type="checkbox"/> Offentleg
Tlf:	Tlf:				
E-post:	E-post:				
Kort skildring av avtalen:					
Avtalen vert gjennomført i perioden i perioden:					
Ansvar for første kontakt:					
Navn: innan	<input type="checkbox"/> ringer	<input type="checkbox"/> e-post	<input type="checkbox"/> besøkjer	dato/uker	
Underskrift av avtalepartnerane:					
A:	B:				
Registrert hos _____	Dato:				